



Region Nordhordland Iks
Kvassnesvegen 23

5914 ISDALSTØ

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
15.12.2022	21/72 - 18	

Vedtak - Uttale frå Austrheim kommune - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Sender over vedtaket frå formannskapet 5. desember, i sak 118/22 :

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Austrheim kommune tek planforslag til **Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland, planid 2021003** til orientering og har elles følgjande uttale:

Det er positivt at planen gjev ei heilskapleg vurdering av sjøareala i Nordhordland for å fremja berekraftig utvikling. Kommunen minner om at Nordhordland som produksjonsområde for akvakultur er i trafikklyssystemet for havbruk farga raudt, og ein bør i størst mogleg grad hindre forverring av miljøtilstanden i sjø- og fjordsystema våre. Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig bruk av sjøareala våre.

Vennleg helsing
Ketil Tjore
møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Offentleg ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Uttale frå Austrheim kommune, Høyring og offentlig ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland

Høyring og offentlig ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland

Kopi til:

Andre mottakarar:



Sætremarka
5943 AUSTRHEIM



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Region Nordhordland lks

Kvassnesvegen 23 5914

ISDALSTØ

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
118/22	Formannskapet	PS	05.12.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE-131	21/72

Offentleg ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Uttale frå Austrheim kommune

Vedlegg:

Høyring og offentlig ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune tek planforslag til **Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland, planid 2021003** til orientering og har elles følgjande uttale:

Det er positivt at planen gjev ei heilskapleg vurdering av sjøareala i Nordhordland for å fremja berekraftig utvikling. Kommunen minner om at Nordhordland som produksjonsområde for akvakultur er i trafikklyssystemet for havbruk farga raudt, og ein bør i størst mogleg grad hindre forverring av miljøtilstanden i sjø- og fjordsystema våre. Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig bruk av sjøareala våre.

Formannskapet - 118/22 - 05.12.2022

FS - behandling:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Ordførar Per Lerøy (Ap) bidrog også, han har vore med i den interkommunale arbeidsgruppa som har jobba med dette.

- Allersholmane lokalitet er tenkt flytta til Senoksen, dette vil vera betre enn det grunne området ved Allersholmane der det er utfordringar mellom anna med lus.
- Børildosen, området er tenkt dreia ut i sundet for å få auka gjennomstrøyming i anlegget.
- Øksnesmarka, kombinera hamn og akvakultur der det tidlegare berre var hamn.
- Målet er at denne interkommunale planen skal vera vedteke innanfor denne kommunestyreperioden, før hausten 2023.
- Har hatt med seg Havforskningsinstituttet, kommunane og tidleg i prosessen også Statsforvaltar.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS vedtak:

Austrheim kommune tek planforslag til **Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland, planid**

2021003 til orientering og har elles følgjande uttale:

Det er positivt at planen gjev ei heilskapleg vurdering av sjøareala i Nordhordland for å fremja berekraftig utvikling. Kommunen minner om at Nordhordland som produksjonsområde for akvakultur er i trafikklyssystemet for havbruk farga raudt, og ein bør i størst mogleg grad hindre forverring av miljøtilstanden i sjø- og fjordsystema våre. Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig bruk av sjøareala våre.

Saksopplysninger:

Den interkommunale planen for sjøareal for Nordhordland er no sendt ut på offentlig ettersyn. Asplan Viak AS har vore engasjert av Region Nordhordland IKS i arbeidet med planen. Austrheim kommune er invitert til å koma med merknadar til planutkastet, jf. PBL § 5-2.

Det er kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal som i fellesskap har utarbeida eit forslag til interkommunal plan for sjøareala i kommunane (planen), jf. plan og bygningslova (pbl.) §§9-1, 9-2 og 9-3. Eit hovudføremål med planlegging etter pbl. er å fremma berekraftig utvikling og bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver. Planprogrammet vart vedteke av det Interkommunale planutvalet i møte 21.06.2021.

Det Interkommunale planutvalet (IKPU) gjorde følgjande vedtak (vedlagt) i møte 06.11.2022 i sak 25/22:

«I medhald av plan og bygningslova § 5- 2 legg det Interkommunale Planutvalet den interkommunale planen for sjøareal for Region Nordhordland med plankart, planskildring og føresegner på høyring og offentlig ettersyn med dei endringane som vart bestemt i møte.»

Det interkommunale planutvalet (IKPU) har fått mynde til å sende planen ut på offentlig ettersyn. Planen bygger på rammene i planprogrammet som vart vedteke av IKPU juni 2021. Ordførar i Gulen Halvard Oppedal er leiar for det interkommunale planutvalet. Ordførar Per Lerøy deltek frå Austrheim kommune.

Planforslaget har fem hovud plandokument:

- Planskildring, datert den 20.10.2022.
- Konsekvensutgreiing og ROS analyse, datert den 20.10.2022.
- Plankart, datert den 20.10.2022.
- Føresegn, datert den 20.10.2022.

Vedlegg- vurderingstabellar Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland, datert den 20.10.2022.

Rapporten **Kunnskapsgrunnlag for Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland** er datert den 19.10.2022. Kunnskapsgrunnlaget har lagt planprogrammet til grunn, og har samla eksisterande Kunnskap, det gir eit overordna bilete av det store planområdet.

Planskildringa som er datert den 20.10.2022 gjev god faktainformasjon om sjøareala våre og utfordringar knytt til forvaltinga av denne, sjå link under:

<https://aimblob.blob.core.windows.net/aimfiles/a1f9db9f-242b-4630-b9a8-2bc9276c8fa6.pdf>

Plankartet for Austrheim kommune kan sjåast her:

<https://aimblob.blob.core.windows.net/aimfiles/fe775881-a0bf-4c9c-a484-07bb83316c07.pdf>

Alle plandokumenta kan lesast på følgjande heimeside:

<https://regionnordhordland.no/artikkel/Hoeyring-og-offentleg-ettersyn---Plan-for-sjoeareal>

[IKP sjø Høyringsbrev 20102022](#) 

Liste med plandokument:

[IKP sjø Planskildring 20102022](#) 

[IKP sjø Føresegn 20102022](#)  

[IKP sjø KU og ROS 20102022](#) 

[IKP sjø KU og ROS vedlegg 20102022](#) 

[IKP sjø kjelder 20102022](#)  

[IKP sjø Kunnskapsgrunnlag 20102022](#) 

Plankart - eit pr kommune eit for heile planområdet:

[Plankart 201022 heile planområdet](#) 

[Plankart 201022 Alver](#) 

[Plankart 201022 Austrheim](#) 

[Plankart 201022 Fedje](#) 

[Plankart 201022 Gulen](#) 

[Plankart 201022 Masfjorden](#) 

[Plankart 201022 Modalen](#) 

[Plankart 201022 Osterøy](#)  

[Plankart 201022 Vaksdal](#)  

Publisert: 12.10.2022

Sist oppdatert: 03.11.2022

Oversikt over alle plandokumenta kan ein sjå i tabellen over

Areal- og samfunnsplanlegging er ein sentral del av kommunane sitt arbeid med samfunnsutvikling. Planen skal vere ein arealplan for sjøareala, der heilskapen blir ivaretatt over kommunegrensene. Det skal utviklast langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i sjøområda. Planen skal munne ut i ein juridisk bindande plan på kommuneplannivå.

Planområdet:

Planområdet omfattar sjøareala i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Planområdet gjeld berre sjøområda. Det vil sei frå flomålet i elveosar, vassflata, vassøyla ned og sjølve sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er ei nautisk mil utanfor grunnlinja og etter rammene elles i hamne- og farvannslova.

Fakta grunnlaget

Planområdet dekker eit stort areal med stor variasjon, frå fjordar til opent hav. Det er også bedd om innspel frå regionale ofgoftentlege instansar om bidrag til kunnskapsgrunnlaget. Med eit så stort planområde vil det ikkje vere mogleg å skildre alle detaljar slik at ein del må verta på overordna nivå.

Ved vurdering av dei ulike arealinnspele er det i konsekvensutgreia (KU) og vurdert for risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS) gjort meir detaljert analyse for det einskilde innspel.

Fakta grunnlaget viser at der er miljøutfordringar i planområdet med mellom anna:

- *Høgt nivå av lakselus som gir høg dødelegheit for villaksen og det fører til at produksjonsområde PO4 er i raud sone som betyr krav om redusert produksjon for akvakulturnæringa.*
- *Deler av området/fjordar har utfordringar med å ha tilfredsstillande økologisk og kjemisk tilstand.*

Innanfor planområdet er det eit stort marint verneområde, Lurefjorden (om lag 69 km²). I tillegg er det 25 mindre verna område med tilknytning til marine miljø, 24 naturreservat for sjøfugl og eit våtmarksområde for sjø- og vadefugl. Det er og mange viktige friluftsområde og fleire statleg sikra friluftsområde i området, og mange nyttar planområdet til friluftsliv og rekreasjon.

Ynskje om å få til vekst i akvakulturnæringa i sjøområdet samstundes som ein skal forvalta villaksen og sjøauren på ein berekraftig måte let seg ikkje kombinera slik produksjonen skjer i dag. I tillegg er det utfordring med miljøgifter og tilførsel av næringsstoff. Det har difor vore viktig å ha klare miljømål i arealplanen.

Konsekvensutgreiinga er laga med utgangspunkt i nasjonale, regional og lokale målsettingar og styringsdokument. Det er 62 konkrete arealinnspele som er KU og ROS vurdert. Av desse er 40 innspel tatt med i forslaget. Det er gjort endringar (avbøtande tiltak) på ein del av innspele for å redusera konflikt med andre interesser.

Særskild for Austrheim kommune:

Austrheim kommune sin kommuneplanen sin arealdel vart godkjent den 11.04.2019. Dette gjer at det berre ha kome inn fire arealinnspele i Austrheim kommune, mange innspel som elles kunne koma vart avklart i kommuneplanprosessen sin arealdel som vart gjennomført 2015-2019.

I vedlegg- vurderingstabellar Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland, datert den 20.10.2022 på side 67-74 skildrar arealinnspele i Austrheim kommune. Vedlegget viser tabellane for kvart innspelesområde som er vurdert med tanke på konsekvensar for miljø og samfunn, og risiko og sårbaranalyser. Det er 61 tabellar, og dei er presentert kommunevis, sortert etter ID-nummer.

Arealinnspele er vurdert i arbeidsgruppa og avgjort endeleg i IKPU før det vart sendt ut på offentleg ettersyn.

Arealinnspele som IKPU har teke med planframlegget/plankartet i Austrheim kommune er:

1.Senoksen. Framlegg om å legge inn eit nytt akvakulturområde. Eit vilkår for å ta inn denne er at akvakulturlokaliteten på **11756 Allersholmen** då vert teke bort frå plan. Senoksen vil vera ein lokalitet med større djupne og betre gjennomstrøyming enn den ved Allersholmen. Sjå side 67 i vurderingstabellen:

4632-148-1 Austrheim - Senoksen - nytt akvakulturområde

Skildring: Nytt akvakulturområde, som føreset at akvakulturområde Allersholmen vert teke ut.

Arealstorleik: 178.0 daa

Føremål i dag: Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Framlegg til nytt arealføremål:

Akvakultur

Unik id: 4632-148-1



Samla vurdering

Stort konfliktpotensial for tema naturmangfald. Innspelet vil også medføre negativ verknad for fleire tema som forureining og utslepp, landskap, kulturminne og kulturmiljø. På bakgrunn av potensielt store negative verknader for naturmangfaldet, samt verknader for andre tema vert ikkje innspelet tilrådd.

2.Børildsosen. Dreining av akvakulturlokaliteten i **Børildsosen** mot nordaust. Dette er ein justering av plassering av dagens AK areal. Trålefeltet for reke som er i nærleiken er i dag ikkje lenger i bruk, det gjer dreininga uproblematisk. Sjå side 71 i vurderingstabellen:

4632-149-1 Øksneset - justering av eksisterande lokalitet

Skildring: Ønsker justering av areal for eksisterande akvakulturlokalitet Øksneset i Børildsosen.


Arealstorleik: 99.0 daa

Føremål i dag: Akvakultur. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Fiske

Framlegg til nytt arealføremål:

Akvakultur

Unik id: 4632-149-1



Samla vurdering

Stort konfliktpotensial for tema naturressursar; innspelet vil kunne bandlegge 20-25 % av rekefeltet Åråsvågen. Elles ikkje kjent konfliktpotensial for andre tema som er vurdert. Potensiale for konflikt vil kunne bli redusert dersom ein justerer innspelet ut av rekefeltet.

Justeringar september 2022:

Kommunen opplyser om at rekefeltet ikkje er i bruk. Ut frå dette er det gjort ei ny vurdering i konsekvensutgreiinga. Sjølv om feltet ikkje er i bruk i dag, så er det ein mogleg ressurs for framtida. Det er ikkje gjort endringar i konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse.

3. Øksnesmarka. Endra deler av areal **2040 Hamn** til **kombinert formål 6800 (hamneområde i sjø/akvakultur)**. Ved utbygging her er det krav om reguleringsplan. Dette er sjøområdet aust for Øksnesmarka. Sjå side 73-74 i vurderingstabellen:

4632-156-1 Øksnesmarka – endring av deler av areal satt av til hamn til kombinert føremål

Skildring: Ønsker at deler av areal som i gjeldande plan er satt av til hovudformål 2040 infrastruktur vert omgjort til hovudformål 6800 Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone. Føremålet skal kombinerast med hamneområde i sjø og akvakultur. Ved konkret utbygging vil det bli stilt krav om reguleringsplan.


Arealstorleik: 73 daa

Føremål i dag: 2040 Infrastruktur – hamn


Framlegg til nytt arealføremål: Om lag ¼ av arealet vert gjort om til hovudformål 6800

Kombinert formål – Hamneområdet i sjø og Akvakultur

Unik id: 4632-156-1



Forslag




Samla vurdering

Innspelet vert frårådd. Ligg i farlei. Stort konfliktpotensial for naturmangfald pga. auka belastning, og mangelfullt kunnskapsgrunnlag. Noko konfliktpotensial for landskap, friluftsliv og folkehelse, naturressursar og forureining og utslepp.

Rapport – Konsekvensutgreiing og ROS-analyse side 65 skriv følgjande om desse tre endringsforslaga som har stort konfliktpotensial knytt til eitt tema:

			<i>rosa kategori</i>
Austrh	Akvak	4632-148-1	Naturmangfald. Ny akvakulturlokalitet vil generelt medføre auka belastning på sjøbotnen. Innspelet vil medføre auka belastning på anadrome vassdrag og vill laksefisk, som allereie er betydeleg påverka av lakselus. Innspelet ligg nærare enn 700 m frå tre tareskogførekomstar. Kunnskap om marine naturtypar og sårbare artar i området er mangelfullt, til dømes truleg skjelsand nord for innspelet. Tjeld observert hekkande nord for innspelet, truleg eigna for andre marine fugleartar. Nærleik til art unntatt offentlegheit.
Austrh.	Akvak.	4632-149-1	Naturressursar: Tiltaket vil kunne bandlegge 20-25 % av rekefeltet Årâsvågen. Rekefeltet er ikkje i bruk, men kan takast i bruk i framtida.
Austrh.	Komb	4632-156-1	<i>Samla vurdering: gul kategori</i> Naturmangfald: Innspelsområdet grensar til omsynssone for naturmiljø (H560) på land. Det er for dette innspelet tatt høgde for etablering av landbasert og/eller sjøanlegg. Ny akvakulturlokalitet vil på generelt grunnlag medføre auka belastning med omsyn til organiske og kjemiske tilførsar i sjø, samt auka belastning for anadrome vassdrag og villfisk som allereie er betydeleg påverka av lakselus frå oppdrett. Innspelsområdet grensar til regionalt viktig område for større kamskjelførekomstar. Kunnskap om marine naturtypar og sårbare artar i området er vurdert som mangelfullt. Etablering av hamneområde med til dømes djupvasskai vil medføre negative verknader på marint naturmangfald.

Etter ei samla vurdering av KU og ROS vart tre innspel tilrådd og lagt inn i planframlegget av IKPU slik:



Område merka med raude prikkar er arealinnspel som er teke med i planframlegget

Føresegn til planen

Føresegna bygger på kva som gjeld i kvar einskild kommune. Det er gjort ein harmonisering så langt det har vore mogleg. I og med at miljøtilstand er utfordrande i deler av området er miljøkrava forsøkt gjort meir presise og tydelegare. I føresegna er det eit generelle krava omtalt i kap. 2.3 og særskilt for akvakultur i kap. 3.1.9. Hovudfokuset er at tiltak som skal gjennomførast i planområdet må dokumentere at det skal skje utan forverring av miljøtilstand.

Høyringsmøte og høyringsperiode

Det vart arrangert høyringsmøte på regionalt nivå i Knarvik 15. november 2022. Møtet var i Region Nordhordland Helsehus. Her deltok ordførar Per Lerøy og sakshandsamar. Planframlegget har vore annonsert på heimesida til kommunane og i lokalavisene.

Det regionale nivået har sendt ut høyringsbrevet til 85 lag/offentlege instansar/verksemder, sjå vedlagt adresseliste. Alle innbyggjarar, næringsaktørar, frivillige lag og organisasjonar, offentlege mynde mfl. kan sende inn merknad til planforslaget, både forslaget til arealplan og føresegnene til arealplanen. Høyringsfrist for å kome med merknad frå private instansar er sett til den 6. desember 2022. Kommunane kan levera sin merknad innan året 2022.

Vurdering:


Naturmangfaldslova:

Kommunedirektøren vil opplysa om at kunnskap om naturmangfald og biologisk mangfald i sjø innanfor planområdet er varierende. Området vårt består av natur med høg eigenverdi, men og viktige område med funksjon som gyte- oppvekst og beiteområde for eit mangfald av artar. Konsekvensutgreiinga har vurdert dette. Kommunedirektøren vil opplyse om at alle arealinnspela er grundig KU og ROS vurdert. Plan- og bygningslova stiller krav om ROS-analysar ved alle planar før utbygging. Denne analysen viser risiko- og sårbartilhøve som er vesentlege for om arealet er eigna for utbygging, og eventuelle endringar i risiko og sårbartilhøve som følgje av utbygginga, jf. pbl § 4-3.

Plan- og bygningslova:

Kommunedirektøren ser mange fordelar med å delta i eit interkommunalt samarbeid i Nordhordland for å få ein heilskapleg forvaltning av sjøareala i regionen. Planen skal vera eit verkty for langsiktig forvaltning av sjøareala i kommunane i tråd med prinsippet om berekraftig utvikling. Det skal fastsettast juridisk bindande arealbruk med føresegn og retningslinjer. Den interkommunale planen vert no presentert samla, men kvar kommune skal til slutt gjere vedtak om sitt sjøareal som bygger på ein samla regional plan.

Kommunedirektøren vil informera om at målet er at IKPU skal få planen til handsaming etter offentlig ettersyn vinteren 2023. Det vil vere tenleg at IKPU handsamar innspel og samordning av planarbeidet og klargjer plandokumenta for andre gongs handsaming og fram til endeleg vedtak i kommunestyra våren 2023.



Planområdet er vist over. Det omfattar sjøareala i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal.

Kommunedirektøren vil informera om at det er mange interesser knytt til kystsona og sjøareala våre. Aukande konkurranse og interessekonfliktar gjer sjøareala utfordrande å forvalte. Farleiene våre er vist som trafikkareal i sjø og sjøfarten som er viktig hjå oss er sterkt prioritert i planen. Leiene er som før definert som hovud- og bilei og vist som stipla line i plankartet.

Akvakultur er ei stor næring i Nordhordland og har vidareforedlingsveksemdar både på Radøy og på Osterøy. Ein av utfordringane er at både inn- og utvandrande laks og sjøaure, og våre anadrome fiskar som beitar i fjordsystemet vårt er utsett for å få på seg lakselus. Mykje av lakselusa som er i fjordsystemet vårt har opphav frå oppdrettsanlegga. Det gjer og at det er mykje laks/aure som dør under avlusing i merdane.

Fiskeri er ei tradisjonsrik næring i Nordhordland og gjev og viktige ringverknadar til andre næringar som til dømes reiselivsverksemda Kilstraumen og fiskemottaket i Bøvågen. Heimafiske betyr og mykje for mange innbyggjarar i regionen, dette både til matauke og rekreasjon. Avsetting av arealformål for fiske, kaste og låssetting, reketrål og gyteområde er viktig for å verna område som er viktig i forhold til hausting av viltlevande marine ressursar.

Kommunen har mynde over arealbruken i sjøområda etter plan- og bygningslova, og ansvar for å skape føreseielege rammer. Kommunedirektøren vil peike på at eit hovudformål med planlegging etter plan- og bygningsloven er å fremja berekraftig utvikling og bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver. FN sine 17 berekraftsmål er og førande for dette arbeidet. Kommunedirektøren synes det er positivt at føresegnene legg til grunn at det ikkje kan gjerast nye tiltak i planområdet som forverrar miljøtilstand, men det kan gjerast tiltak som forbetrar miljøtilstand.

Kommunedirektøren legg til grunn planframlegget som IKPU har sendt på offentleg ettersyn og rår til

at formannskapet tek planforslaget til Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland til orientering.

Konklusjon.

Austrheim kommune tek planforslag til Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland , planid 2021003 til orientering og har elles følgjande uttale:.

Det er positivt at planen gjev ei heilskapleg vurdering av sjøareala i Nordhordland for å fremja berekraftig utvikling. Kommunen minner om at Nordhordland som produksjonsområde for akvakultur er i trafikklyssystemet for havbruk farga raudt, og ein bør i størst mogleg grad hindre forverring av miljøtilstanden i sjø- og fjordsystema våre. Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig bruk av sjøareala våre.